


Ivaretaking av leiarmedlemmane


KURS FOR HT VGO, BERGEN OKTOBER 2023

BJØRN OLAV TVEIT, LEIARREPRESENTANT UDF VESTLAND

Antal leiarmedlemmar i Vestland

- ▶ Periode jan 2021 – aug 2023
- ▶ 9600 leiarmedlemmar i heile Utdanningsforbundet
 - ▶ 5600 skuleleiarar i GRS og VGO
 - ▶ Skolelederforbundet har 4400 medlemmar





Leiarmedlemmar VFK

Utdanningsforbundet
Vestland

Medlemsroller, Rolle

Alle

Medlemsgrupper

Alle

Fylkeslag, Lokallag

Alle

Tariffavtale

Alle


Medlemmer pr i dag

2 339

Samme periode

2 341

Medlemmer ved utgangen av måneden, år over år



Medlemmer ved utgangen av måneden

Måned	2021	2022	2023
januar	2 276	2 288	2 326
februar	2 262	2 292	2 335
mars	2 264	2 289	2 336
april	2 259	2 295	2 337
mai	2 277	2 312	2 333
juni	2 281	2 315	2 330
juli	2 267	2 300	2 321
august	2 280	2 341	2 348
september	2 286	2 342	2 339
oktober	2 285	2 341	2 339
november	2 281	2 335	
desember	2 284	2 329	

Winorgdata siste oppdatert:

23.10.2023

Leiaratsinga til Utdanningsforbundet

LM 2015 og LM2019

Utdanningsforbundet jobbar for:

- ▶ tilstrekkeleg ressurs til leiing
- ▶ fleire støttefunksjonar for leiarar
- ▶ at krav om rapportering og dokumentasjon vert avgrensa til eit minimum
- ▶ at leiarar må sikrast god lønnsutvikling
- ▶ at leiarlønna skal vere høgare enn den løna leiar ville hatt krav på i ein fagstilling, og vere høgare enn løna til dei ein er sett til å leie
- ▶ at nytilsatte leiarar skal få tilbod om rettleiing av erfarne leiarar



BYRÅKRAT
CONTRA
FRITHET.

Utdanningsforbundet si leiarplattform

- ▶ Leiarane er ein del av lærarprofesjonen, med det same samfunnsmandatet
- ▶ Leiarane har særskilt ansvar for fagleg og pedagogisk leiing, kjernen i leiaroppdraget
- ▶ Barnehagar og skular blir best når dei er lærande organisasjonar – tett samarbeid med tillitsvalde om kollektive læringsprosessar
- ▶ Spenningsfelt mellom politisk styring og lokalt handlingsrom
- ▶ Leiarrøysta er ein viktig del av profesjonsrøysta

UTDANNINGSFORBUNDETS

Leiarplattform

Vi leiarar har eit særskilt ansvar for den faglege og pedagogiske leiinga. Dette er kjernen i leiaroppdraget vårt. Vi er tett på lærarane og kjerneverksemda. Oppgåva vår er både å støtte og stille krav til det faglege arbeidet. Vi skal rettlege, utfordre og involvere. Berre gjennom det gjensidig forpliktande samarbeidet kan vi realisere den gode barnehagen og skulen for alle.

Utdanning formar barn og unges liv, og gjennom det også framtidssamfunnet. Mykje står på spel. Det er difor profesjonsplikta vår å leggje vinn på å gjere godt arbeid.

Barnehagane og skulane blir best når dei er lærande organisasjonar der pedagogane i kollegiet utfordrar kvarandre i felles refleksjon og faglege diskusjonar. Vi samarbeider difor tett med dei tillitsvalde om dei kollektive læringsprosessane i barnehagen og skulen.

Leiarrøysta er ein viktig del av profesjonsrøysta.

Som leiarar står vi i eit spenningsfelt mellom politisk styring og lokalt handlingsrom, der tolking og tilpassing av barnehage- og skulepolitikk er ei sentral leiaroppgåve. Vi har eit særleg ansvar for å følgje opp eksterne krav og samtidig sikre profesjonell yrkesutøving.

Vi er ein del av lærarprofesjonen. Samfunnsmandatet vårt er å fremje læring, utvikling og danning hos barnehagebarn, elevar og studentar. Vi har kompetansen felles, og vi deler oppdraget. Vi har kunnskap, vilje og evne til å vere leiarar i eit arbeidsfellesskap av medarbeidarar med ulike yrkes-, fag- og utdanningsbakgrunn. Vi står opp for kompetansen vår og understrekar den nødvendige balansen mellom tillit og kontroll, handlingsrom og styring. Når vi opptre som fellesskap og har fagleg funderte grunngevingar, vinn vi også tillit.

Leiarrøysta er ein viktig del av profesjonsrøysta. Vi tek eit særleg ansvar for å synleggjere leiarperspektivet både innanfor profesjonen og ute i samfunnet.

Leiaren og klubben

Det er avgjerande at plasstillitsvald/klubbleiar aktivt informerer om Utdanningsforbundet til leiarar på arbeidsplassen. Ta kontakt med nye leiarmedlemmer for å:

- ▶ Sørge for at opplysningane på Min side blir oppdatert. Tillitsvald har tilgang til å endre medlemsskapen til medlemmer i klubben, og kan gi tilbod om hjelp til dette.
- ▶ Avklare rolla som tillitsvald og klubbleiar, samt leiarar si rolle i klubben.
- ▶ Overlevere relevant materiell, samt informere om tilbod for leiarar i lokallag, fylkeslag og sentralt.
- ▶ Informere og motivere til å delta på leiarforum og eventuelle andre møtearenaer for leiarar i lokallaget.
- ▶ Informere leiarar på arbeidsplassen om kven som er leiarrepresentant i lokallags- og fylkestyret, og at dei kan kontaktast når det trengs

Leiaren og arbeidsgjevar

- ▶ Sjølv om leiarmedlemmene organisatorisk høyrer til klubben på arbeidsplassen, skal det vere den hovudtillitsvalde i verksemda som er næraste tillitsvalde etter hovudavtalen for leiarmedlemmene. Hovudtillitsvald skal fungere som tillitsvald for alle leiarmedlemmene i den aktuelle verksemda.
- ▶ På avtaleområde eller i verksemdar der det ikkje finst hovudtillitsvald, har fylkes- eller lokallagsstyret, og då helst leiarrepresentanten, ansvaret for leiarmedlemmene.
- ▶ Alle våre medlemmar skal vite kven som er deira næraste tillitsvalde etter Hovudavtala

Fylkesstyret - leiarrepresentanten

- ▶ Deltaking i sentralt leiarråd
- ▶ Drift av leiarråd i fylkeslaget
- ▶ Dialog mellom leiarrepresentant i fylkesstyret og leiarrepresentantane i lokallagsstyra
 - ▶ Digitale samlingar
 - ▶ Erfaringsdeling og inspirasjon
- ▶ Kurs/samlingar/seminar for leiarar
- ▶ Leiarmedlemmar VGO
 - ▶ Leiarforum Stord, Bergen, Førde
 - ▶ Nettverk/frukostmøte, digitalt
 - ▶ Fellesskulering

Ledelse

Utdanningsforbundet mener at lederstemmen er en viktig del av profesjonens stemme. Som leder har du ulike roller – både som leder, fagperson og arbeidstaker. Vi ivaretar deg i alle disse rollene.

[Vårt arbeid for ledere](#)[Vår politikk for ledere](#)[Lederjuss](#)[Nyhetsbrev for ledere](#)[Lederhjelpen](#)[Legg til i snarveier](#)

Lederhjelpen

Har du spørsmål om ledelse av skoler og barnehager? Vi hjelper deg.



Foto: Ole Walter Jacobsen

Ledelse

Vårt arbeid for ledere

Vår politikk for ledere

Lederjuss

Nyhetsbrev for ledere

→ **Lederhjelpen**

Lederhjelpen

- Har du spørsmål om ledelse av skoler og barnehager?
- Trenger du råd og veiledning som leder?
- Ønsker du å drøfte lederfaglige spørsmål med organisasjonen?

Lederhjelptelefonen 901 00 474 er åpen tirsdag, onsdag og torsdag kl. 0900-1500.
Du kan også fylle inn i skjemaet under.

Du kan skrive inn ditt spørsmål her

🔖 Legg til i snarveier